

INNVIK FRUKTLAGER SA
Gamlevegen 1
6793 INNVIK

Innvik Fruktlager SA - søknad om støtte til prosjekt - Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane

Vi viser til brev frå dykk, som ikkje er datert men som er registrert hjå postmottaket i fylkeskommunen 15. september 2020. De ber om at vi ser på vilkåra for tidlegare løyvd tilskot på 15 mill. kr. gjeve til ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærneringa i Sogn og Fjordane, og at tilskotet vert tildelt og fordelt mellom dei tre pakkeria. De skriv at tilskotet som vart gjeve er eit viktig bidrag til frukt og bærneringa i heile Sogn og Fjordane.

Bakgrunn

Lærdal Grønt søkte 12. april 2019 på vegne av Lærdal Grønt, Sognefrukt og Innvik Fruktlager om 25 mill. kr. frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til prosjektet *Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærneringa i Sogn og Fjordane*.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fekk søknaden lagt fram i møte 4. juni 2019, i sak 31/19 Tertialrapport 1/2019. Fylkestinget gjorde vedtak om å gje eit tilskot til prosjektet *Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærneringa i Sogn og Fjordane* på 15 mill. kr.

Etter klargjeringar knytt til mellom anna kostnadsgrunnlag, og statsstøtteregelverk blei endeleg tilskotsbrev skrivne 4. desember 2019. I tilskotsbrevet godkjente vi eit kostnadsgrunnlag på totalt 75,6 mill. kr., der fylkeskommunen si støtte skal gå til pakkeridelen av utbyggingsprosjektet planlagt på Håbakken i Lærdal. Tilskotet blei formelt gitt til Eigedomsselskapet Vfg Eigedom AS.

I tilskotsbrevet skriv vi mellom anna:

Det er avgjerande at aktørane forpliktar seg som tenkt, og at prosjektet vil bli eit stort felles fylkesløft. Det betyr at det ikkje blir betalt ut noko før eit vedtak om fusjon er på plass. Det betyr også at dersom det blir gjort vedtak om å ikkje fusjonere selskapa og bygge eit pakkeri som er felles, så vert tilskotet trekt attende.

Dette tilskotet er utforma administrativt i etterkant av vedtaket. Det låg ikkje slike krav i fylkestinget sitt formelle vedtak.

Status

Arbeidet med forankring, planlegging og realisering av prosjektet har føregått gjennom fleire år med utgreiing av føresetnader og nytte av satsinga, detaljplanlegging av nytt felles anlegg på Håbakken i Lærdal og forhandling og ferdigstilling av fusjonsavtale mellom dei tre eksisterande samvirkeføretaka.

På dei ekstraordinære årsmøta 5. august stemde medlemmane i Sognefrukt og Lærdal Grønt ja til fusjonsavtalen, men medlemmane i Innvik Fruktlager stemde nei. Vedtaket i Innvik Fruktlager gjorde at fusjonsavtalen slik den var framforhandla ikkje kunne gjennomførast.

Styra i Sognefrukt og Lærdal Grønt vurderte det likevel slik at deira årsmøte hadde gitt signal om at desse to føretaka kunne gå vidare med planane. Ny fusjonsplan er utarbeidd mellom Sognefrukt og Lærdal Grønt, og nye ekstraordinære årsmøtet har gjort vedtak om samanslåing.

Også etter at Innvik Fruktlager stemde nei så er total investeringsplan og budsjett for den nye verksemda heilt på linje med kostnadsplanen godkjent i tilskotsbrevet og med den opphavelige intensjonen om å utvikle eitt felles regionalt pakkeri. Planane for bygget er dei same som skissert tidlegare.

Endringane med å gå frå tre til to selskap som fusjonerer påverkar ikkje omfanget av investeringane som fylkeskommunen støttar, men det kan påverke drifta og driftsinntektene noko.

Samanslåinga mellom Sognefrukt og Lærdal Grønt kan vere eit fyrste trinn i ein prosess der fleire kjem med. Regionpakkeriet vil ha kapasitet til å fange opp dette.

Vurdering

Etter at Innvik Fruktlager stemde nei til fusjon har sjølvstilt situasjonen endra seg for dykk, men innhaldet i prosjektet som fekk støtte har ikkje endra seg frå då vi skreiv vårt tilskotsbrev. Det blir framleis gjennomført ein fusjon og investert i eit felles bygg som vil vere særskilt viktig for næringa. Det hadde sjølvstilt vore eit føremål at Innvik Fruktlaget også blei med i fusjonen, men det er planlagt for infrastruktur som tek høgde for at fleire kan bli med seinare, og for ein framleis vekst i produksjonen.

Driftsmarginar er sjølvstilt viktige for selskapa og eigarane, men dette var ikkje tema i vurderingane til fylkeskommunen. Vi føreset at eigarane sjølve tek stilling til lønsemda i avstemming om fusjon, og at Innovasjon Norge vurderer driftsdelen av investeringane. Dersom både eigarar og Innovasjon Norge vurderer lønsemda som god nok, så er det tilfredsstillande for fylkeskommunen.

Tilskotet er gitt til Vfg Eigedom og retta konkret mot investeringane planlagt på Håbakken, og i tilskotsbrevet vert det vert stilt krav om eit felles pakkeri og ein fusjon utan at det er spesifisert at alle selskapa må med. Dette er i tråd med vedtaket frå fylkestinget der det ikkje blei formulert nokon føringar for dette. Tilskotet er såleis ikkje eit generelt tilskot til utvikling og investeringar i regi av dei tre fruktlagera, men til prosjektet på Håbakken.

Tilskotet frå Vestland fylkeskommune til Vfg Eigedom står difor framleis ved lag, noko vi har stadfesta ovanfor dei partane som går vidare med fusjonen.

Tilskotsbrevet datert 4. desember 2019 gjeld framleis, med ein føresetnad om at det blir gjennomført ein fusjonen mellom Sognefrukt og Lærdal Grønt.

Fylkestinget sitt vedtak frå juni 2019 står ved lag, og det er difor ikkje aktuelt å omdisponere tilskotet og dele det mellom aktørane slik de ber om.

Søknader om investering i tre ulike fruktlager/pakkeri ville nok bli vurdert annleis enn det søknaden som fekk tilskot blei. Dette er saker som tidlegare har blitt handsama av Innovasjon Norge og ikkje fylkeskommunen.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift